


Osterøy kommune  
Rådhusplassen  
5282 Lonevåg



Hauge, 20.06.2023

## Søknad om løyve til omlegging av eksisterande landbruksveg på gnr. 85 bnr. 2

Vedlagt ligg søknad om bygging av landbruksveg. Tiltakshavar ynskjer å leggja om det første partiet av vegen, for å få ein rettare veg som ligg meir i randsona av eigedommen, og for å få avkøyring nærare hovudvegen.

Eksisterande landbruksveg har vore viktig for tilkomst og transport av varer frå sjøen, via naustet og til garden. I tillegg er den viktig for tilkomst til dei ulike delane av garden både til grasslått, rydding av skog, og drifta elles på garden. Ei flytting av vegpartiet til meir til i utkanten av eigedommen vil binda saman større areal med dyrka mark, samstundes som ein frå oppgradert vegstandarden og får ein mindre svingete veg.

Den nye delen av vegen vil verta etablert før eksisterande vegdel vert fjerna, slik at tiltaket ikkje vil vera til hinder for bruken av vegen. For både dei fem hytteigarane, som har tilkomst via vegen, og for tiltakshavar vil det vera ein fordel å få avkøyrsla til vegen vekk frå tunet og nærmare hovudvegen.

Vedlagt ligg markslagskart som viser areal og type markslag som vert omdisponert til bebygd areal ved bygging av nytt vegparti. Det viser òg arealet som vert tilbakeført ved fjerning av eksisterande veg.

Areal av eksisterande veg som vert omdisponert til overflatedyrka jord: ca. 200 m<sup>2</sup>

Areal av ny veg som vert omdisponert til bebygd areal: ca. 360 m<sup>2</sup>

Av dette er:

- ca. 90 m<sup>2</sup> fulldyrka jord
- ca. 210 m<sup>2</sup> overflatedyrka jord
- ca. 60 m<sup>2</sup> produktiv skog

Vedlagt ligg kontaktinformasjon til interessentene av vegen. Desse har fått tilsend varsel om tiltaket.

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing  
**Helge Rød A/S**

  
Synnøve Tveiterås  
Arkitekt

Helge Rød as  
5281 Valestrandsfossen  
Tlf.: 56 19 37 00  
Fax: 56 19 37 01  
E-post: firmapost@helgerod.no  
www.helgerod.no  
Bankgiro: 6537.05.00260  
Org.nr.: NO 885 574 602 MVA